



Lars Ottar Sagstad

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8983 - 22/96963

Saksbehandlar:
Rolf Raknes
rolf.raknes@alver.kommune.no

Dato:
20.12.2022

Uttale til søknad - gbnr 479/11 Tjore nedre

Eining for Plan og analyse har motteke dykkar førespurnad om planfagleg uttale for eigedomen 479/11.

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om oppføring av fortau i område avsett til annan veggrunn i gjeldande reguleringsplan.

Planstatus

Eigedomen ligg i området som har arealføremål annan veggrunn reguleringsplan for Austmarka øvre. PlanID 12602010000100

Dispensasjon

Det er trong for dispensasjon/planendring frå/for reguleringsplan for tiltaket når det gjeld:

- Arealføremål

Planfagleg uttale

Omsynet bak arealføremålet annan veggrunn er tiltenkt grøntstruktur i tilknytning til veg. Det er trong for ny vurdering av plansituasjonen før løyve til tiltak «fortau». Det må gjerast gjennom ei dispensasjonshandsaming eller ei planendring. Det er også viktig at gang og sykkelvegnettet i området heng saman i heilskap. Det er difor viktig å sjå i kva grad dette tiltaket høver i saman med naboplanane 12601973000100 og 12601971000100

Vurdering av omsyn og konsekvensar av ein eventuell dispensasjon:

For tiltaket isolert er det klart større føremoner enn ulemper. Vurderinga er at tiltaket klart vil betre tryggleiken for dei som bruker sti gjennom feltet vidare ut på samlevegen. Tiltaket vil vera ein del av infrastrukturen på same viset som annan veggrunn, men med noko annan karakter og funksjon. Ei vurdering av heilskapen for gang og sykkelnettet i heile området kan gje eit anna perspektiv, det er

difor viktig at slik vurdering også vert gjort før evt dispensasjon.

Tilråding

Plan og analyse rår på bakgrunn av ovannemnde til at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet annan veggrunn for etablering av nytt fortau på 479/11 Tjore nedre.
På vilkår av at tiltaket vert vurdert i høve til ei heilskapleg løysing for gang og sykkel vegnett i heile Austmarkaområdet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Rolf Raknes
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune v/Plan og byggesak
Lars Ottar Sagstad

Postboks 4

5906 FREKHAUG